Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/269822-2 | | 20.12.2018 |

## Uttale - Dispensasjon fra LNF-føremålet - Frådeling av eksisterande bustad - Fv. 401 - Gnr. 174 bnr. 1 - Seimsstranda - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 10.12.2018.

Det er søkt om frådeling av eksisterande bustadhus på gnr. 174 bnr. 1 i Lindås kommune. Eigedomen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås, og tiltaket krev difor dispensasjon frå arealføremålet.



*Omsøkte bustadhus.*

**Uttale:**
Det kjem av plan og bygningslova § 27-4 at avkøyrsle frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom

Kommunen opplyser at bustaden vart bygd i 1979, og er del av ein landbrukseigedom. I følgje kommunen vart det gjeve avkøyrsleløyve til bustaden då den vart oppført. Vi vurderer difor at det allereie er etablert lovleg avkøyrsle frå offentleg veg. Så lenge det ikkje vert søkt om endra eller utvida bruk av avkøyrsla er det ikkje behov for eit nytt løyve. Vi legg til grunn at avkøyrsla er vedlikehalde og tilfredsstiller krav til utforming og sikt.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*